

RETNINGSLINJER FOR SKJENKING VED EINSKILDHØVE

Kommunestyret har i Ruspolitisk handlingsplan vedteke å gi rådmannen delegert mynde til å avgjere søknader om skjenkeløyve for einskildhøve.

Definisjon:

Gjeld for opne arrangement som til dømes festivalar og dansetilstellingar. Skjenkeløyve for eit enkelt høve i lokale i tilknytning til idrettsanlegg, skular og barnehagar kan bli gitt etter ei konkret vurdering. Dersom det i statuttane for huset er forbod mot alkoholserving, kan løyve ikkje givast.

Ansvarleg for skjenkinga:

Søklar må ha ein person som får ansvaret for skjenkinga. Den ansvarlege må ha fylt 20 år og ha den tillit at løyvet ikkje vert misbrukt. Vedkomande har plikt til å sjå til at skjenkinga skjer på ein forsvarleg måte og i samsvar med Alkohollova, m.a. at skjenking ikkje skjer til synleg rusa personar.

Desse reglane gjeld for skjenkinga:

- Løyvet gjeld for skjenking av øl og vin.
- Det er ikkje tillate å skjenke eller utlevere alkoholhaldig drikk til personar under 18 år.
- Det er ikkje høve til å skjenke alkoholhaldig drikk til synleg rusa personar, og det skal heller ikkje skjenkast utover tillate skjenketid som er fastsett i løyve.
- Løyvehavar skal sjå til at gjester ikkje drikk medbrakt alkoholvare, og at det ikkje vert teke med alkoholvare frå skjenkelokalet. Løyvehavar plikter å ha kontroll med all bruk av alkohol i det arrangementet løyvet gjeld for.
- Kommunen kan ha kontroll av skjenkeløyvet ved uanmeldt besøk av kommunalt oppnemnde kontrollørar. Kontrollørane kan opphalde seg i lokalet så lenge dette er å rekne for nødvendig for å observere om det skjer brot på skjenkereglane.

Skjenking av øl og vin:

Alkohollova § 4-4 seier skjenking av øl og vin kan skje frå kl. 08.00 – 01.00.

Kommunen kan utvide skjenketida, men likevel innafor desse absolutte rammene:
Skjenking av øl og vin er forbode mellom kl. 03.00 og 06.00.

Konsum av alkoholhaldig drikk må opphøyre seinast 30 minuttar etter utløp av skjenketida.

Den som skjenker alkoholhaldig drikk med inntil 22 volumprosent alkohol, må ha fylt 18 år.

Søknad:

Søknad om skjenkeløyve må vere Skodje kommune i hende seinast 4 veker før skjenkinga tek til. Før rådmannen gjer vedtak skal det innhentast uttale frå politiet og NAV v/ sosialtenesta.

Avgift:

Det blir kravd ei avgift etter gjeldande fastsette satsar ved kvar tildeling.